



Det var stor spennvidde i korpsbakgrunn på musikarane då skulemusikken og musikklaget hadde ei lita fellesøving i skulen tirsdag. Medan dei eldste er sprekingar langt oppe i pensjoniståra, hadde dei yngste ei tid att før dei rundar 10 år. Det fine med korps er at det er ein hobby ein kan ha heile livet!

Eldstemann, Bjørgulv Eik, som har runda 83 år, starta i musikklaget så tidleg som 1948. Året etter byrja ein annan superveteran som framleis held koken, Leif Matre. Begge to stiller framleis på øving kvar tysdag. Har dei fråvær ein sjeldan gong, har dei gode grunnar. No nærmar det seg 70 år sidan dei møtte til første øving! Dei kosar seg framleis med spelinga og fellesskapet i musikklaget.

På biletet ser vei dei to saman med 4 skulemusikantar som starta i korpset berre for nokre månader sidan. Samspelet gjekk svært godt då dei to korpsa skulle øva inn to fellesnummer til julekonserten 13.desember under skulemusikken sin dirigent, Tor Skeie Olsen si leiing.

På biletet ser vi i tillegg til Leif og Bjørgulv bak frå venstre: Kristiane Skjelnes, Tobias Hella Berge-Soldal, Ingrid E. Klyve og Sigri Lekva.

Og superveteranane var svært imponert over dei 4 nybyrjarane og resten av skulekorpset.
- Dei bles jammen svært godt, var ein av kommentarane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland